



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2025/3310 - 432.2

Dato 15.12.2025

Protokoll 12.12.25

Sakene: 23/25 - 27/25
Møtestad: Nutheim Gjestgiveri
Dato: 12.12.25

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Ragnhild Sølberg
Baiba Sheine
Gjermund Ingolfslund

Følgjande varamedlemmer deltok:

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 23/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

**Sak 24/25 Søknad om nytt uthus som erstatning for gammalt uthus - Fyribøen 25, gnr. 21
bnr. 1 fnr. 1 i Hjartdal kommune – Jarl Eirik Straume**

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Jarl Eirik Straume løyve til riving av gammalt uthus og oppføring av nytt uthus på BYA 15 m² ved Fyribøen 25, gnr. 21 bnr. 1 fnr. 1 i Hjartdal kommune, som beskriven i søknad dagsett 26.11.25. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Gammalt eksisterande uthus skal rivast
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Jarl Eirik Straume.

Handsaming i verneområdestyret:

Habilitetsvurdering:

Før sakshandsaminga opplyste styreleiar styret om at han er i fjern slekt (søskeborn) med søkars ektefelle.

Forvaltar spurte styret om å gjere ei habilitetsvurdering.

Styret handsama habilitetsvurderinga utan deltaking av vedkommande i denne delen av møtet.

Styret la i si vurdering vekt på vedkommande ikkje er automatisk inhabil etter forvaltingslova § 6 første ledd bokstav b. Vedkommande har heller ikkje korkje økonomisk eller personleg særinteresse, eller nærståande fordelar i samband med saka, og er såleis heller ikkje inhabil etter § 6 annet ledd.

Vedtak habilitet:

Styret konkluderte med at styreleiar er habil (ikkje inhabil) i saka og kan delta i vidare handsaming og vedtak.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Jarl Eirik Straume løyve til riving av gammalt uthus og oppføring av nytt uthus på BYA 15 m² ved Fyribøen 25, gnr. 21 bnr. 1 fnr. 1 i Hjartdal kommune, som beskriven i søknad dagsett 26.11.25. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Gammalt eksisterande uthus skal rivast
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følge av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klega rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Jarl Eirik Straume.

Sak 25/25 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 26/25 Eventuelt

Forvaltar orienterte kort om kva som er gjort av tiltak og liknande dette året. Det er blant anna utplassert 4 informasjonstavler ved ulike innfallsportar til verneområdet. Det er ei målsetjing for 2026 å setje opp ytterlegare 4 slike tavler.

Statens Naturoppsyn v/ Harald N. Andersen deltok på møtet, og ga styret ein interessant og nyttig rapport frå årets feltsesong i verneområdet. Det vart blant anna vist til observasjonar og registreringar i Naturoppdrag, som det kan vere behov for at verneområdeforvaltinga følgjer opp. Til dømes forsøpling og gammalt skrot som ligg ute i terrenget, som forringar både landskapet og verneverdiane. Verneområdeforvaltinga vil sjå nærmare på dette i barmarkssesongen.

Det blei og gjennomført eit bestillingsmøte i saman med SNO, der ein drøfta og la plan for neste års aktivitet og ressursar i verneområdet. Frist for forvaltingsmyndigheita for å melde inn behov for midlar og SNO-ressurs hjå Miljødirektoratet er 9. januar 2026.

Sak 27/25 Neste møte

Neste styremøte blir truleg i mars 2026. Dato, tid og stad avklarast nærmare.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver